



Nynorsk kultursentrum

# Vedtaksprotokoll styremøte og styreseminar

*Hotell Bondeheimen, Oslo*

*tysdag 5. juni kl. 13.00 – onsdag 6. juni 2012 kl. 14.00*

## **Til stades**

Reidar Sandal (ikkje seminar), Sigrun Høgetveit Berg, Bente LaForce, Georg Arnestad, Grete Riise, Jon Østbø, Wegard Harsvik (rådsordførar, ikkje seminar), Gaute Øvereng (seminar), Kjersti Kildahl (seminar), Inger Johanne Sæterbakk (seminar), Ottar Grepstad (sekretær)

### **Forfall**

Åshild Widerøe

## **Sakliste**

### **Konstituering**

- 36/2012 Innkalling og sakliste
- 37/2012 Godkjenning av protokollar

### **Saker til orientering**

- 38/2012 Referatsaker
- 39/2012 Orienteringssaker
- 40/2012 Personalsaker

### **Vedtaksaker**

- 41/2012 Rekneskap januar – april 2012
- 42/2012 Språkåret 2013: oppfølging og justert budsjett
- 43/2012 Langtidsplan digitale tenester nr. 4 2012–2014
- 44/2012 Allkunne
- 45/2012 Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 3 2012 – 2014
- 46/2012 Utstillingsplan Ivar Aasen-tunet
- 47/2012 Utstillingsplan Olav H. Hauge-senteret
- 48/2012 Visjon og strategi 2012 – 2015

## Saker til drøfting

49/2012	Vårsesongen 2012
50/2012	Kulturpolitikk etter 2014
51/2012	Oppfølging styreseminaret

# Styreseminar

## Program

### Tysdag 5. juni

20.00 Middag Kafé Løve, Det Norske Teatret  
Eksterne gjester frå Stortinget, regjeringsmiljøet, styreleiarane i dei store nynorsktiltaka, og seminardeltakarar

### Onsdag 6. juni

Tingstova, Hotell Bondeheimen, 2. etasje

Møteleiar: Sigrun Høgetveit Berg

09.00 **Perspektiv på språk og litteratur før Språkåret 2013 og Grunnlovsjubileet 2014**

09.10 Kjartan Fløgstad: Nynorsk, diktning og demokrati

10.15 Sigve Gramstad: Europeisk politikk for regions- og minoritetsspråk

Spørsmål, kommentarar, ordskifte

11.10 Pause med kaffi og te

11.25 **Våre strategiar i og forbi Språkåret 2013**

Forlagsdirektør Edmund Austigard: Det Norske Samlaget

Teatersjef Erik Ulfsby: Det Norske Teatret

Redaktør Karoline Riise Kristiansen: Nynorsk Pressekontor

Leiar Håvard B. Øvregård: Noregs Mållag.

Spørsmål og kommentarar

13.00 Lunsj i Kjellarstova

# Konstituering

## 36/2012 Innkalling og sakliste

### Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

## **37/2012 Godkjenning av protokollar**

### Vedtak

Protokollar frå styremøte del I og del II 20.3.2012 og protokoll frå telefonstyremøte 24.4.2012 er godkjende.

## ***Saker til orientering***

## **38/2012 Referatsaker**

### Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

## **39/2012 Orienteringssaker**

### Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

## **40/2012 Personalsaker**

### Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

## ***Vedtaksaker***

## **41/2012 Rekneskap januar – april 2012**

### Vedtak

Styret tek rekneskapen januar–april 2012 til vitende.

## 42/2012 Språkåret 2013: oppfølging og justert budsjett

### Vedtak

1. Styret godkjenner det reviderte prosjektbudsjettet med dei merknadene som kom fram på møtet.
2. Styret strekar under at Språkåret 2013 treng frie prosjektmidlar frå Kulturdepartementet for å kunne følgje opp overordna kulturpolitiske intensjonar om eit meir inkluderande kulturliv.
3. Mandat for referansegruppa er godkjent med dei merknadene som kom fram på møtet.
4. Styreleiar får fullmakt til å oppnemnde referansegruppe på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet.
5. Styret drøftar på neste møte samla prosjektplan for prosjekt i regi av Nynorsk kultursentrum i Språkåret.

## 43/2012 Langtidsplan digitale tenester nr. 4 2012–2014

### Vedtak

1. Styret godkjenner *Langtidsplan digitale tenester nr. 4 2012–2014* med dei merknadene som kom fram på møtet.
2. Neste utgåve av planen blir drøfta i 2014.

## 44/2012 Allkunne

### Vedtak

1. Nynorsk kultursentrum ser eit uendra behov for meir digitalt kvalitetsinnhald på nynorsk og vurderer Allkunne som ein tenleg reiskap i dette arbeidet.
2. Vidare driftstilskot frå staten er ein føresetnad for å føre drifta vidare. Det er samstundes nødvendig å arbeide for finansiering frå fleire kjelder.
3. Nynorsk kultursentrum tek styrevedtaket i Det Norske Samlaget 23.5. til vitende. Nynorsk kultursentrum tilbyd å kjøpe Samlagets aksjepost i Allkunne AS for kr 1,00. Går Samlaget på eit seinare tidspunkt inn att i selskapet, kan Samlaget kjøpe attende same aksjeposten for kr 1,00.
4. Nynorsk kultursentrum ønskjer å gjere ein fleirårig samarbeidsavtale med Det Norske Samlaget som kan vere til fordel både for Allkunne AS og for Det Norske Samlaget.
5. Fram til seinast 28.2.2014 driv Nynorsk kultursentrum vidare Allkunne AS etter dagens modell. Alternative driftsmodellar blir utgreidde i denne driftsperioden, og det blir arbeidd med å utvikle formelt samarbeid med fleire digitale aktørar.
6. Nynorsk kultursentrum og Det Norske Samlaget skriv som eigarar eit felles brev til Kulturdepartementet og orienterer om endringa i selskapet og bed om at vidare tilskot til Allkunne AS frå og med 2013 blir overført til Nynorsk kultursentrum.
7. Styret i Nynorsk kultursentrum blir styre i Allkunne AS.
8. Styreleiar Reidar Sandal representerer Nynorsk kultursentrum på generalforsamlinga.
9. Styret oppnemner redaksjon 2012–2014 på telefonstyremøte 22.6. kl. 09.00.

## **45/2012 Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 3 2012–2014**

### Vedtak

1. Styret godkjenner *Samlings- og dokumentasjonsplan nr. 3* med dei merknadene som kom fram på møtet.
2. Neste utgåve av planen blir handsama i 2014.

## **46/2012 Utstillingsplan basisutstilling Ivar Aasen-tunet**

### Vedtak

Styret sluttar seg til prioriteringane i planen for fornying av basisutstillinga i Ivar Aasen-tunet med dei merknadene som kom fram på møtet.

## **47/2012 Utstillingsplan Olav H. Hauge-senteret**

### Vedtak

1. Styret sluttar seg til grunnlaget for basisutstillinga i Olav H. Hauge-senteret med dei merknadene som kom fram på møtet.
2. Styret drøftar planen neste gong i februar 2013 og vedtek hovudlinjene i endeleg utstillingsplan i september 2013.

## **48/2012 Visjon og strategi 2012–2015**

### Vedtak

Styret godkjenner *Visjon og strategi 2012–2015* med dei merknadene som kom fram på møtet.

# *Saker til drøfting*

## **49/2012 Vårsesongen 2012**

### Vedtak

Styret bed administrasjonen leggje fram ein samla strategi for dei ulike sesongane på styremøtet i desember.

## 50/2012 Kulturpolitikk etter 2014

### Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

## 51/2012 Oppfølging styreseminaret

### Vedtak

1. Styret bed administrasjonen følge opp innspela og synspunkta frå styreseminaret på grunnlag av drøftinga på seminaret og i styremøtet.
2. Styret bed om at programskisse for styreseminaret blir lagd fram til drøfting på styremøtet i februar.

## Godkjend protokoll

Protokollen frå styremøte og styreseminar 5.–6. juni 2012 er godkjend i møte 26. september 2012.

\_\_\_\_\_  
Reidar Sandal

\_\_\_\_\_  
Sigrun Høgetveit Berg

\_\_\_\_\_  
Georg Arnestad

\_\_\_\_\_  
Jon Østbø

\_\_\_\_\_  
Grete Riise

\_\_\_\_\_  
Bente LaForce

\_\_\_\_\_  
Ottar Grepstad